

Justis- og  
innvandringsavdelingen  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

beredskapsdepartementet,

Vår ref:  
21/00352-2

Saksbehandlar:  
Anders Prydz Cameron

Dato:  
25. juni 2021

## Høyringssvar - forslag til endringar i utlendingslova og ny forskrift (stønad til bebuarar i asylmottak)

Barneombodet visar til høyringsbrev med forslag til endringar i utlendingslova og ny forskrift om stønad til bebuarar i asylmottak.

Forslaget manglar ein barnerettsvurdering, ei brei gjennomgang av forslaget sine konsekvensar for rettane til barn. Det fylgjer av FNs barnekonvensjon artikkel 4 at norske myndigheter skal utgreie konsekvensar for barns rettar i all politikk- og regelverksutvikling som påverkar barn. Det fører til at forslaget ikkje i stor nok grad tek omsyn til kravet i barnekonvensjonen om at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn og viktige rettar som mellom anna barn sin rett til ein forsvarleg levestandard, utvikling og fritid. Barn og unge er ikkje høyrd i utarbeidingsa av forslaget og departementet har ikkje vurdert korleis staten skal fylge opp anbefalinga frå FNs barnekomité frå 2018 om å sette av meir [...] ressursar til mottak for å sikre tilstrekkelege forhold for barn under opphaldet deira i mottaket<sup>1</sup>. Dette er vesentlege svakheiter som gjer at forslaget ikkje er godt nok utgreia, jamfør utredningsinstruksen punkt 2-1.

Vi meiner det er positivt at regjeringa foreslår ei eiga forskrift om stønad til bebuarar i asylmottak, men meiner forslaget slik det er i dag ikkje er godt nok. Vi har følgjande merknadar:

- Gjeldande satsar er ikkje høge nok til å sikre barnefamiliar ein forsvarleg levestandard.
- Reglane departementet foreslår gjev ikkje nok rom for individuelle vurderingar av barnets beste.
- Forskrifta gjev heimel for urimelege kutt i stønaden, slik som at barnetrygd blir trekt frå stønaden, og at det skal vere mogleg å trekke i stønaden til bebuarar som ikkje overheld særskilte vilkår.
- Klageordninga som departementet foreslår ikkje er uavhengig nok.

Vi utdjupar merknadane våre under.

### Dei gjeldande satsane er ikkje høge nok til å sikre barns rettar

<sup>1</sup> [Avsluttande merknadar til Noreg frå FNs barnekomité \(2018\) asvn. 32 \(e\)](#)

Barneombodet er bekymra for at nivået på stønadene til bebuarar i mottak er svært lågt, og ikkje har vorte justert i takt med prisstiginga. Det er ikkje enkelt å si noko om stønaden til alle grupper av barnefamiliar. Status i asylsaka, barnas alder og type mottak spiller inn på ulike måtar, og systemet er lite oversiktleg for utanforståande.

I høyringsnotatet er det ikkje beskrive noko om satsar og utviklinga over tid. Det finnes likevel nokre berekningar som viser kor låg stønaden til bebuarar er, og kor svak utviklinga har vore over tid, med utgangspunkt i eksemplar. Forskar Marie Louise Seeberg har i ein artikkel i «Tidsskrift for velferdsforskning» frå 2017<sup>2</sup> berekna maksimal stønadin til en familie med to barn som ventar på svar på asylsøknaden sin i perioden 1989-2017. På desse 28 åra har stønaden til eksempelfamilien auka med kr 2 640 kr frå kr 5 500 i månaden i 1989 til kr 8 140 i månaden i 2017. Stønaden er meint å dekke alle vanlege utgifter for familien, slik som transport, mat, klede, leiker og hygieneartiklar. I den same artikkelen samanheld Seeberg stønaden til bebuarar i mottak med satsar for sosialhjelp. Satsen for sosialhjelp for ein familie med to barn har auka frå om lag kr 10 000 i 2001 til om lag 16 000 i 2017, mens stønaden for den same barnefamilien i mottak har auka frå kr 7150 til kr 8140 i same periode. I ein nyare rapport har NOAS berekna at ein familie med to barn (fire og sju år) i mottak med sjølvhushald fekk kr 8 119 i stønadin i 2020.

Å vekse opp i ein familie med vedvarande låg inntekt kan gjere at barn ikkje får oppfylt dei grunnleggjande rettane dei har etter FNs barnekonvensjon. I departementa sin samarbeidsstrategi for barn og ungdom i låginntektsfamiliar (2020-2023) peiker regjeringa på at å vekse opp med vedvarande låginntekt kan utgjere ein risiko på fleire viktige område, slik som utdanning, fritid, utvikling og helse. Retten til ein tilfredsstillande levestandard er òg ein sjølvstendig rett etter barnekonvensjonen artikkel 27. FN sin barnerettskomite har understreka at oppvekst i relativ fattigdom fører til undergraving av velvære, sosial inkludering og sjølvkjensle, og reduserer moglegheit for læring og utvikling for barn.

I regjeringa sitt forslag til forskriftsfesting av stønadsordninga ligg det ikkje nokon endring av satsane i stønadsordninga. Departementet foreslår heller ikkje ein normering av satsane, eller at dei vert knytt opp mot andre satsar, slik som satsane for sosialhjelp. Satsane skal fastsetjast av Stortinget årleg i behandlinga av statsbudsjettet slik som i dag. Denne ordninga har ført til at det relative gapet mellom bebuarar i mottak og andre som mottek offentleg stønadin, har auka så mykje som det har.

Barneombodet anbefaler departementet å innføre ei normering av nivået på satsane, til dømes ved å knytte dei opp mot satsane for sosialhjelp, for å sikre at barn i asylmottak ikkje relativt sett vert fattigare for kvart år samanlikna med alle andre grupper av barn, slik det har vore i perioden 2001 til 2020.

### Ikkje nok rom for vurdering av barnets beste

Barnekonvensjonen artikkel 3 stiller krav om at myndighetene, ved alle handlingar som gjeld barn, gjer ei individuell vurdering av barnets beste og at dette skal vere eit grunnleggjande omsyn. Barnets beste er og teke inn i Grunnlova § 104. Statsforvaltarane har påpeikt i klagesaker at sosialhjelppsatsane berre skal vere rettleiande når kommunar skal vurdere søknad om

---

<sup>2</sup> Seeberg, Marie Louise 2017. Alt er relativt: Ytelser til barnefamiliar i norske asylmottak. Tidsskrift for velferdsforskning 04/2017.

sosialhjelp frå barnefamiliar, og at NAV alltid skal gjere ei individuell vurdering av barnet sitt beste. Dette må òg gjelde avgjerder om stønad til familiar i mottak. Barn og familiar kan ha ulike behov, sjølv om familiane er like store og barna er like gamle. Omsynet til barnets beste, og dermed mellom anna kvart enkelt barn sin helse, utvikling, opplæring og fritid, må ligge til grunn for berekning av stønad.

I forslaget til ny forskrift §§ 6, 7 og 8 legg departementet opp til tre typar stønad: basisstønad, tilleggsstønad utan søknad og tilleggsstønad etter søknad. I basisstønaden er det berre faste satsar. Familiesamansetning er eit av fleire element i grunnlaget for å fastsetje stønad. Tilleggsstønad utan søknad skal dekke nokre klart definerte utgifter, mellom anna utgifter til å kjøpe utstyr ved skule- og barnehagestart. Departementet legg opp til faste satsar for dette, slik at det ikkje er rom for individuelle vurderinger her. Bebuarar kan òg søke om tilleggsstønad til å dekke naudsynte utgifter som ikkje vert dekka av dei andre stønadane. I høyringsnotatet er det utdjupa at «naudsynt» i denne samanhengen betyr naudsynt for liv og helse eller for å leggje til rette for gjennomføring av tiltak samfunnet ønsker at bebuarar i asylmottak skal ta del i. Barnets beste eller barnet sine behov er ikkje nemnt som grunnlag. Departementet foreslår vidare ei uttømmande liste over kva som vert rekna som naudsynte utgifter i § 8 i ny forskrift. Nokre av utgiftene i lista kan omfatte barn sine behov, slik som ekstra klede og utstyr og utgifter for å ivareteke ein bebuars liv og helse (til dømes briller eller spesialsko). Når det gjeld utgifter for å ivareteke liv og helse legg departementet opp til ein årleg eigenandel på kr 3 000 for barnefamiliar.

Barneombodet meiner forslaget ikkje legg til rette for gode, individuelle vurderingar av barnets beste ved berekning av stønad. Vi anbefaler departementet å ta inn i forskrifa at barnets beste skal vere eit grunnleggjande omsyn når Utlendingsdirektoratet (UDI) bereknar stønaden til barnefamiliar.

### **Urimelege trekk i stønaden**

Departementet foreslår at barnetrygd framleis skal verte trekt frå basisstønaden. På same måte som ved berekning av sosialhjelp, meiner Barneombodet at barnetrygd ikkje må reknast som inntekt ved berekning av stønad til barnefamiliar i mottak. Barnetrygda er eit viktig bidrag til desse familiane som er blant dei med svakast økonomi i Noreg. Det er ikkje rimeleg at denne universelle ordninga ikkje skal komme dei barna som er aller mest utsette for ein oppvekst i vedvarande låginntekt til gode.

I § 12 i forslaget til ny forskrift foreslår departementet å forskriftsfeste at UDI skal kunne trekke 100 kroner per brot på reglane frå stønaden til bebuarar som ikkje overheld husordensreglane eller ikkje møter til obligatoriske tiltak. Dette er meint som eit disiplinerande tiltak. For einslege mindreårige asylsøkjarar skal UDI kunne trekke 50 kroner per brot. Det er ikkje satt nokon maksgrense for trekk per månad, men UDI skal ikkje kunne trekke meir enn at bebuaren får dekka sine grunnleggjande behov etter at UDI har gjennomført trekket. Trekk i stønad til vaksne i barnefamiliar vil raskt kunne gå ut over barna. Det å trekke frå den allereie vesle stønaden desse familiane får, er etter Barneombodets syn ikkje rimeleg, og i alle fall ikkje for såpass bagatellmessige forhold som ikkje å møte til eit obligatorisk tiltak.

### **Klageordninga**

Det er positivt at departementet foreslår at retten til å klage på vedtak om stønad vert utvida slik at reglane i forvaltningslova gjeld fullt ut. Barneombodet meiner derimot ikkje at ei ordning der UDI handsamar klager på seg sjølve er ei god nok ordning i sakar som er av så stor betydning for

velferda til bebuarar i mottak. Det vil vere vanskeleg å sikre tilstrekkeleg uavhengig sakshandsaming i to avdelingar i same forvalningsorgan, og ingen eksterne vil kunne vurdere UDI sin praksis og korrigere den ved behov. Barneombodet har ikkje noko konkret forslag til korleis ei klageordning kan sjå ut, men vi peiker på at statsforvalatarane er klageinstans på mange andre områder. Eit anna alternativ er å flytte over heile administrasjonen av stønadsordninga til NAV, som både har naudsynt kompetanse til å handsame denne typen sakar og der det finnes ei fungerande klageordning. Vår anbefaling er at departementet får på plass ei tilstrekkeleg uavhengig, tilgjengeleg og effektiv klageordning som òg er tilgjengeleg for barn.

Vi takkar for mogelegheita til å komme med innspel til forslaget.

Med venleg helsing

Camilla Kayed  
fagsjef

Anders Prydz Cameron  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,  
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo